



# Vinterlandbruksskulen i Ryfylke

Vidaregåande skule med utdanningsprogram for naturbruk

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kd.dep.no

**Høyringsuttale til Forslag til endringer i privatskoleloven ("ny friskolelov") .**

**Uttale frå Vinterlandbruksskulen i Ryfylke.**

**Uttalen gjeld punkt 10.5 i høyringsnotatet: «Minste elevtal».**

Vinterlandbruksskulen i Ryfylke har tilbudet VG3 Landbruk i utdanningsprogram for Naturbruk . Vinterlandbruksskulen i Ryfylke er ein av dei 24 vidaregåande skulane som vart tekne inn i FOR 2006-07-14 nr 932, § 11-1. Basert på historiske tal frå 2004/2005 vart vårt elevtal sett til 17 elevar utan rett. I tillegg kan me ta inn 7 elevar med rett , - i alt 24 elevar. Skulen tar berre inn vaksne elevar (over 19 år).

**Stiftelse.**

Vinterlandbruksskulen i Ryfylke er organisert som ein stiftelse. Kommunane i Ryfylke og Haugalandet (10 kommunar) er stiftarar. Desse kommunane vel kvar sitt medlem til styret. Skulen ambulerer mellom stiftarkommunar. Den er eitt år på kvar plass.

**Tilbod til vaksne.**

Ryfylke og Haugalandet (kommunane rundt Haugesund) er eit aktivt jordbruksdistrikt, men næringsgrunnlaget på gardane er for lite til to generasjonar. Difor må ungdomsgenerasjonen vente og ha eit anna arbeid til den tid at foreldregenerasjonen pensjonerer seg. Ungdomsgenerasjonen vert då 30-40 år og har teke ei anna utdanning enn det som krevst for å drive gard. Når Vinterlandbruksskulen kjem rundt i distriktet med VG 3 Landbruk for vaksne, så er dette kjærkome tilbod om kunnskap til dei som overtar gardane.

**Tilpassar fagtilbudet.**

Skulen brukar muligheten som er gitt innanfor dei offentlege undervisningsplanane til å vektlegge faga etter kva behov som er i distrikta skulen kjem til. For eksempel får skogbruk meir undervisning i skogsområdet i Suldal enn ute på Finnøy og Rennesøy som har svært lite skog.

**Skulen ambulerer.**

Mange ferger og vestlands vegar i Ryfylke gjer at reisetida er ei stor utfordring, - spesielt for unge folk i ein travel livsfase med familieetablering og ansvar for gard. Å pendle til skule eit heilt skuleår er utenkjeleg. Difor er løysinga med ein flyttbar skule som kjem dit elevane bur , genial for dette distriktet.

Skulen har eksistert sidan 1979, og den spesielle ambulerande praksisen og tilpassa pedagogikken er godt innarbeidd i Ryfylke. Kommunane skaffar godkjende skulelokale og den vesle lærarstaben pendlar dit skulen til ei kvar tid er.

adresse: 4137 Årdal  
e-post: kontor@vlr.no

telefon: 51 75 31 10  
telefaks: 51 75 31 12

bankgiro: 3353. 12.11133

organisasjonsnr.:  
991 673 032 MVA



# Vinterlandbruksskulen i Ryfylke

Vidaregåande skule med utdanningsprogram for naturbruk

## God elevsøknad.

Etter nokre år rundt år 2000 med relativt liten søknad, har elevtalet i seinare tid hatt ein svært fin oppsving, - og det har vore venteliste for opptak. Tilbakemeldingane på skulen sine elevundersøkingar om klassemiljø og læringsutbytte gjev eintydig svært positivt inntrykk. Og det er svært lite frafall. Med relativt liten klasse har me god mulighet til å sjå kvar einskild elev og oppmuntre dei som treng det, - og tilpasse krava når det trengst.

Elevsøknad og elevopptak dei siste 5 åra:

År 2014	29 søkjarar	21 elevar opptak		
År 2013	28 søkjarar	17	«	«
År 2012	25 søkjarar	18	«	«
År 2011	28 søkjarar	18	«	«
År 2010	25 søkjarar	20	«	«

## Forslaget frå Departementet.

Med tildelt kvote 17 + 7 elevar er me sjølvsagt utelukka frå å drive skule dersom forslaget frå Departementet om 30 elevar som nedre grense vert vedteke.

Om kvoten vår eventuelt skulle verte sett opp, greier me likevel ikkje skaffe nok elevar til å tilfredsstille 30-grense kravet. Dette skuldast talet på gardsbruk i distriktet, og at næringspolitikken fører til stadig ferre bruk i drift.

## **Me må difor be om at forslaget til endring i minimum elevtal vert teke bort.**


**Alternativt bed me om at Departementet vurderer å plassere vår skule inn under eit anna bokstavpunkt i privatskulelova §2-1, og let det punktet verte skjerma for 30-grensa. I den samanheng viser me til OT prop nr 37 (2006-2007) side 93. I kommentaren til §3-1 5. ledd vert mellom andre landbruk og gartnarnæring trekt fram som særskilde behov for kompetanse som samfunnet må ha.**

Om forslaget frå Departementet skulle verte vedteke, må denne skulen som er godt innarbeidd i det relativt store landbruksdistriktet Ryfylke/ Haugalandet, legges ned, - etter 36 år drift. Behovet for skulen er større enn nokon gong. Dette fordi at det å drive gard vert meir og meir kunnskapskrevjande. Samfunnet set stadig større fokus på økonomi, økologi og dyrevelferd.

Landbruksnæringa støttar opp om oss i denne saka, - me viser til høyringsuttale frå Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde-og småbrukarlag.

**Det vil vere uforståeleg om denne skulen må legges ned pga justeringar i krav til nedre elevtal.**

Årdal / Suldalsosen 12.01.2015

  
Dag Fiskebøen  
leiar i styret

Asbjørn Ask -rektor-

adresse: 4137 Årdal  
e-post: kontor@vlr.no

telefon: 51 75 31 10  
telefaks: 51 75 31 12

bankgiro: 3353. 12.11133

organisasjonsnr.:  
991 673 032 MVA